

From: Jim Arve Røssevoll <Jim.Arve.Rossevoll@sula.kommune.no>
Sent: 20. oktober 2018 16:12
To: NVE
Cc: Morten Ugelvik; Åge Erstad Remvik; Leon Aurdal
Subject: Høyring nasjonal Ramme for vindkraft
Attachments: image005.jpg; ATT00001.htm; image006.jpg; ATT00002.htm; Innspill til Nasjonal ramme for vindkraft - Utsatt frist - 201018 (L)(78....pdf; ATT00003.htm

Svar til Høring, Nasjonal ramme for vindkraft:

Sula kommunestyre blei orientert om brevet i fra NVE vedrørende «Nasjonal ramme for Vindkraft» med utsatt frist for innspill til 20.10 2018, i møte 18.10.2018

Sjølv om kommunestyret blei gjort merksamd på at denne innspelsrunden fagleg informasjon av overordna karakter, var kommunestyret tydeleg på at dette ikkje var noko som var ynskjeleg i det området som vart avgrensa til Sula kommune.

Etablering av vindmøller medfører inngrep i terrenget både der dei skal stå og at det må etablerast veg inn til dei. Dette vil skje i eit større inngrepsfritt område.

Miljødirektoratet sin naturbase skal m.a. vise verneområder og viktige naturtypar.

For det Sulafjellet ligg eit større myrområde inne i naturbasen. Direktoratet for naturforvaltning opererer med verdsetting: svært viktig" (A-lokalitet), "viktig" (B-lokalitet) og "lokalt viktig" (C-lokalitet)

Enkelte fuglegrupper er meir utsatt for kollisjon og det aktuelle området vil t.d. havørn vere svært utsatt.

Det som etter vår vurdering er den største interessekonflikten er friluftsliv. Sulafjellet er eit svært viktig nærturområde året rundt for innbyggjarane i kommunen og kommunane rundt (spesielt Ålesund).

Visuelt vil vindmøller på fjellet bli godt synleg frå Ålesund. Etablering av installasjonar opp på fjellet har tidlegare vore møtt med stor motstand. På slutten av 1990-talet vart planane om etablering av 132 kv kraftline frå Vedde vidare til Hareid ei sak som skapte stort engasjement. Forslag om ei kraftline frå Langevågsområde over fjellet vidare mot Hareid møte massiv motstand og desse trasevala vart forkasta. Det viktigaste argumentet den gongen var friluftinteressene.

Mvh

Jim-Arve Røssevoll,
Ordførar Sula kommune



Virusfri. www.avg.com